

Eksamen

11.11.2020

AMB2001 Grunnleggjande helsefag / Grunnleggende helsefag

Programområde: Ambulanse

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Vedlegg som skal leverast inn	Ingen
Informasjon om vurderinga	I vurderinga vil det bli lagt vekt på at du: <ul style="list-style-type: none">• Kan beskrive korleis du vil løyse caseoppgåva og grunngir kvifor• Trekker inn aktuelle fagområder i grunngivinga• Viser innsikt og fagleg forståing• Nyttar korrekt fagterminologi• Ser heilskapen og samanhengjen mellom teori og praksis• Har god struktur i eksamenssvaret
Andre opplysningar	Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5. Klargjering av uttrykk i spørsmålsformuleringa: <u>Beskriv:</u> Gjengiving av eller forklaring på eit problemområde, situasjon eller fenomen. <u>Gjer greie for:</u> Forklaring med eigne ord som viser forståing for det ein har lest/lært. Inneber ein viss grad av tolking som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eige, og at dei synspunkta som vert sette fram vert grunngivne. <u>Drøft:</u> Få fram ulike synspunkt om eit tema/ei spørsmålstilling, grunngi dei ulike synspunkta, sette dei opp mot kvarandre og trekke konklusjonar.

Case/situasjonsbeskriving

Du er på nattevakt ved ein ambulansestasjon som andre års lærling. Kl 01.00 får de eit oppdrag, køyrekode raud (kode 1).

Det er ein mann på 75 år med endra bevisstheit. Det er kona som har ringt. Mannen ligg i senga med auga igjen, han vert opplevd som sliten og medteken. Kona er til stades, og kan fortelje at mannen har vorten stadig dårlegare det siste døgn.

Han har vore plaga med smerter i epigastriet som dei siste timane har auka. I tillegg har han vore kvalm, kasta opp og har hatt fleire avføringar. Sjølv om han har vore kvalm har han ete litt da han har følt at dette har hjelpe. Kona seier det kan ha sett ut som det var blod i oppkast og avføring. Ifølge kona har han utover kvelden i dag vore fleire gonger på toalettet, ho må følge han fordi han er så medteken og dei siste to timane har han vorte stadig dårlegare.

Rommet ber preg av ei særeigen lukt. Kona kan også fortelje at mannen er mykje plaga av artrose og har hatt mykje smerter i eit kne dei siste vekene. For dette har han har da nytta Voltaren (NSAID) tablettar. I det du skal undersøke mannen, begynner kona å gråte. Ho seier ho er så sliten og bekymra for ektefellen.

Funn:

Luftveger: frie/opne

Respirasjon: rask, ved auskultasjon høyrest normale lungelydar

Puls - radialis: noko rask, noko nedsett fylde og regelmessig

Hud: noko bleik, kald og klam

Vitalia:

Respirasjon: frekvens 24 og SpO2 94%

Puls: frekvens 118/min og regelmessig

Blodtrykk: 100/60

Blodsukker: 8,5 mmol/l

Temperatur: axillært 36,9

GCS: 3-5-5 = 13

Allergi: ingen kjende

Medisinar: Voltaren 50 mg x 3 per os

Tidlegere sjukdomar: Artrose (slitasjegikt)

Pasienten åt sist klokka 22.00 ifølge kona

I oppgåvene under skal du bruke casen som grunnlag der du blir beden om det.

Oppgåve 1

Respirasjon og sirkulasjon

- a) Beskriv kort normal gassutveksling.
- b) Det kan sjå ut som pasienten i casen kompenserer med ein auka respirasjonsfrekvens. Gjer greie for moglege årsaker til dette i denne casen.
- c) Beskriv kort det vesle og det store krinsløpets oppbygging og funksjon.
- d) Det kan sjå ut som pasienten i casen kompenserer med forhøga puls. Gjer greie for moglege årsaker til dette i denne casen.

Oppgåve 2

Mage- og tarmsystemet

Pasienten i casen viser teikn på blødning frå mage- og tarmsystemet. Beskriv mage- og tarmsystemets normale oppbygging og funksjon.

Oppgåve 3

Medikament

Pasienten i casen nyttar Voltaren (NSAID), denne i tablettform. I akuttmedisin administrerast ei rekke medikament intravenøst. Beskriv kort fordelane og farane med å administrere medikament intravenøst.

Oppgåve 4

Omsorg, kommunikasjon, profesjonalitet

Kona i casen gret og er bekymra for ektefellen. Drøft korleis du vil ivareta kona i samband med dette ambulanseoppdraget.

Oppgåve 5

Hygiene

Mannen i casen har blodig oppkast og avføring. Beskriv kort korleis du vil ivareta hygien i samband med dette ambulanseoppdraget.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Vedlegg som skal leveres inn	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I vurderingen vil det bli lagt vekt på at du</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan beskrive hvordan du vil løse caseoppgaven og begrunner hvorfor• Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen• Viser innsikt og faglig forståelse• Anvender korrekt fagterminologi• Ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis• Har god struktur i besvarelsen
Andre opplysninger	<p>Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.</p> <p>Klargjøring av begreper i spørsmålsformuleringen:</p> <p><u>Beskriv:</u> Gjengivelse av eller forklaring på et problemområde, situasjon eller fenomen.</p> <p><u>Gjør rede for:</u> Forklaring med egne ord som viser forståelse for det en har lest/lært. Innebærer en viss grad av tolkning som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eget, og at de synspunkter som fremsettes begrunnes.</p> <p><u>Drøft:</u> Få frem ulike synspunkter på emnet, begrunne egne synspunkter, se disse i forhold til hverandre og trekk konklusjoner.</p>

Case/situasjonsbeskrivelse

Du er på nattevakt ved en ambulansestasjon som andre års lærling. KI 01.00 får dere et oppdrag, kjørekode rød (kode 1).

Det er en mann på 75 år med endret bevissthet. Det er kona som har ringt. Mannen ligger i sengen med øynene igjen, oppleves som sliten og medtatt. Kona er til stede, og kan fortelle at mannen har blitt tiltagende dårlig det siste døgnet.

Han har vært plaget med smerter i epigastriet som de siste timene har økt. I tillegg har han vært kvalm, kastet opp og har hatt flere avføringer. Selv om han har vært kvalm har han spist litt da han har følt at dette har hjulpet. Kona sier det kan ha sett ut som det var blod i oppkast og avføring. Ifølge kona har han utover kvelden i dag vært flere ganger på toalettet, hun må følge han fordi han er så medtatt og de siste to timene har han blitt tiltagende dårlig.

Rommet bærer preg av en særegen lukt. Kona kan også fortelle at mannen er mye plaget av artrose og har hatt mye smerter i et kne de siste ukene. For dette har han har da benyttet Voltaren (NSAID) tabletter. I det du skal undersøke mannen begynner kona å gråte, hun sier hun er så sliten og bekymret for ektefellen.

Funn:

Luftveier: frie/åpne

Respirasjon: rask, ved auskultasjon høres normale lungelyder

Puls - radialis: noe rask, noe nedsatt fylde og regelmessig

Hud: noe blek, kald og klam

Vitalia:

Respirasjon: frekvens 24 og SpO2 94%

Puls: frekvens 118/min og regelmessig

Blodtrykk: 100/60

Blodsukker: 8,5 mmol/l

Temperatur: axillært 36,9

GCS: 3-5-5 = 13

Allergi: ingen kjente

Medisiner: Voltaren 50 mg x 3 per os

Tidligere sykdommer: Artrose (slitasjegikt)

Pasienten spiste sist klokken 22.00 ifølge kona

I oppgavene under skal du bruke casen som grunnlag der du blir bedt om det.

Oppgave 1

Respirasjon og sirkulasjon

- a) Beskriv kort normal gassutveksling.
- b) Det kan se ut som pasienten i casen kompenserer med en økt respirasjonsfrekvens. Gjør rede for mulige årsaker til dette i denne casen.
- c) Beskriv kort det lille og det stor kretsløpets oppbygning og funksjon.
- d) Det kan se ut som pasienten i casen kompenserer med forhøyet puls. Gjør rede for mulige årsaker til dette i denne casen.

Oppgave 2

Mage- og tarmsystemet

Pasienten i casen viser tegn på blødning fra mage tarmsystemet. Beskriv mage og tarmsystemets normale oppbygning og funksjon.

Oppgave 3

Medikamenter

Pasienten i casen benytter Voltaren (NSAID), denne i tablettform. I akuttmedisin administreres en rekke medikamenter intravenøst. Beskriv kort fordelene og farene med å administrere medikamenter intravenøst.

Oppgave 4

Omsorg, kommunikasjon, profesjonalitet

Kona i casen gråter og er bekymret for ektefellen. Drøft hvordan du vil ivareta kona i forbindelse med dette ambulanseoppdraget.

Oppgave 5

Hygiene

Mannen i casen har blodig oppkast og avføring. Beskriv kort hvordan du vil ivareta hygien i forbindelse med dette ambulanseoppdraget.



www.vigoiks.no/eksamen